

Høyring - forslag til reguleringsplan for gang- og sykkelveg Fv. 38 Vrådal sentrum - Straumsnes

Reguleringsplan for gang- og sykkelveg Fv. 38 Vrådal sentrum - Straumsnes blir her lagt ut til offentlig ettersyn. Høyringsfrist 16.8.2015. Send innspel til Statens Vegvesen region sør.

Statens vegvesen og Telemark Fylkeskommune har i samarbeid med Kviteseid kommune laga forslag til detaljreguleringsplan for det nemnde prosjektet, og ber om innspel til forslaget.

Formålet med planen er å legge til rette for tryggare ferdsel for gåande og syklande mellom Vrådal sentrum og krysset til Straumsnes. Tiltaket er i tråd med Kviteseid kommune sin arealdel frå 2006, og reguleringsplanen vil gje Statens vegvesen rett til å foreta utbygging og kjøp av grunn til bygging av tiltaket.

Det blir lagt opp til lokalisering av ein gang- og sykkelveg på sørsida inntil fylkesveg 38, som ei naturleg vidareføring av eksisterande gang- og sykkelveg aust for sentrum. Det er vurdert at tiltaket ikkje utløyser krav til konsekvensutgreiing.

Synspunkt, innspel eller andre relevante opplysningar må sendast skriftleg innan **16. august 2015** til:

Statens vegvesen, Region sør, postboks 723 Stoa, 4848 Arendal eller e-post firmapost-sor@vegvesen.no

Spørsmål

Har de spørsmål til planarbeidet, kan de kontakte:

- John Asbjørn Jensen, planleggar i Statens vegvesen, tlf. 975 79 190
e-post john-asbjorn.jensen@vegvesen.no
- Sveinung Seljås, plansjef i Nissedal og Kviteseid kommune, tlf. 35 04 84 30
e-post sveinung.seljas@nissedal.kommune.no

Denne kunngjeringa er i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-10 og 3-7. Planforslaget er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova § 12-3.

Les meir her:

<http://www.vegvesen.no/Vegprosjekter/Om+vegprosjekter/H%C3%B8ringer+vegprosjekter/fv38vradalsentrumstraumsnes>